

Ei takk til fedrane.

(Ved avduking av minnesteinen i Uskedalen
17. mai 1914.)

1.

Her fylka me standa til fest i dag
med vyrdnad me hugsar på
dei gjeve fedrar som ville i slag
for Noreg sin fridom slå.
Kvar dal sende sine søner ut,
til grensevakt møtte Noregs gut!
Om landet var fatig
dei tolde ikkje sjå
at vår fridom vart trakka på.

2.

Og striden var hatig og striden var hard
og saga vart skreven med blod.
Der framme i brodden, så mangen ein kar
i heitaste krigsota stod.
Men i fatige kår kring i landet dei sat
i utarma heimar, med barkebrøds mat,
og far var i krigen, var kanskje alt daud,
for døra stod svolt og naud.

3.

So gjekk dei då fram dei tungsame år
snart landet alt blømande stod.
Og soli ho vermdde ein vaknande vår
i landet det tok til å gro.
Og freden den fekk me i hundrade år,
og di held me høgtid kvar einaste vår.
Den steinen med vyrdnad me her dukar av,
i takk for det fedrane gav!